

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke:

Pogn - Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad:

Prym

Emne:

Bygdelag:

Neds Prym

Oppskr. av:

Pernille Ness

Gard:

Nessheim, Tonning

(adresse):

Prym

G.nr. 57

Br.nr. 43

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Heimsmor

60 år Prym

## SVAR

## 1. Vass-bele

Vass-bele var av tre utkole for halsen, og med jarnlekkjor og jernkrokar som vassbyttene hekk i. På den måten var det vassbiringa foregjekk. I dei siste 30 år er det for det meste blekkbyttor som <sup>har</sup> vore brukt då dei er lettare en trebyttor, men for den tid var det berre trebyttor, som var i bruk, og dei var lagga av god adelfure eller av lime med truband på.

## 2. Ukjent her i bygga.

## 3. Nei.

## 4. Mannfolk og kvinnfolk byttest om og bera vatn, men mest ber kvinnfolka.

## 5. Det er av og til brukt, der dei ekkje har springvatn eller når dette er i uband. Det er brukt både på større og mindre gardar.

## 6. Ja.

## 7. Her i bygga er det innlagd springvatn i dei fleste heimer både i kjøpen og fjøs. Men i hardfrosten siste vinter vart springvatnledningane stundfrosne mange stader og ein måtte då både kyra og bera vatnet som bringdest, men denne skaden har vorte utbetra litt etter kvart.